



NORDHORDLAND OG GULEN INTERKOMMUNALE  
RENOVASJONSSLESKAP IKS  
Lindåsvegen 1260  
5956 HUNDVIN

Saksbehandlar, innvalstelefon  
Kristin Espeset, 5557 2141

# Rapport frå inspeksjon ved Kjevikdalen deponi, NGIR IKS

Kontrollnummer: 2022.057.I.SFVL

## Kontaktpersonar ved inspeksjonen:

*Frå verksemda:*

Ingrid Vigesdal  
Oddvin Steinestø  
Bjørn Berg  
Ole-Henry Olsen  
Hans Rune Valle  
Lene Gjerde  
Olav Aase

*Frå Statsforvaltaren i Vestland:*

Nina Vadøy  
Kristin Espeset

Konsulent:

Oddmund Soldal (delar av dagen 29.09.2022)

## Resultat frå inspeksjonen

Denne rapporten gjeld resultatet frå inspeksjon ved NGIR IKS den 28. og 29. september 2022. NGIR IKS har kommentert rapporten i brev av 22.11.2022. På bakgrunn av tilbakemeldinga er rapporten noko endra:

1. Under andre tilhøve er det som gjeld HBCDD retta i tråd med kommentarane.
  2. I avvik 1 er det gjort mindre presiseringar.
- Rapporten er no endeleg.

Statsforvaltaren i Vestland avdekkja 4 avvik og ga ingen merknader under inspeksjonen. Statsforvaltaren ser alvorleg på avvik 3.

Avvik:

1. Oppsamling og handtering av sigevatn er ikkje i samsvar med løyvet
2. Lagring av organisk materiale på deponiet skjer ikkje i tråd med vilkåra for anlegget
3. Handtering og lagring av avfall skjer ikkje i tråd med løyvet
4. Internkontrollen for ytre miljø er mangelfull

Avvika er nærare omtalte frå side 6 og utover i rapporten. Oppfølginga etter inspeksjonen er nærare omtalt på side 4.

Sissel Storebø  
seksjonsleiar

Kristin Espeset  
senioringeniør

*Dokumentet er elektronisk godkjent*

Kopi til:

- Alver kommune

## 1. Informasjon om den kontrollerte verksemda

### Ansvarleg eining

<b>Namn:</b> NGIR IKS	
<b>Organisasjonsnr.:</b> 974702568	<b>Eigd av:</b> 856167402
<b>Bransjenr. (NACE-kode):</b> 38.210 Behandling og disponering av ikkje-farlig avfall	

### Kontrollert anlegg

<b>Namn:</b> NGIR Kjevikdalen avfallsdeponi	<b>Anleggsnr.:</b> 4631.0039.03
<b>Kommune:</b> Alver	<b>Fylke:</b> Vestland
<b>Anleggsaktivitet:</b> Deponi for ordinært avfall	
<b>Løyve gitt:</b> 29.06.2009	<b>Sist endra:</b> 23.11.2018

### Kontrollert anlegg

<b>Namn:</b> NGIR Kjevikdalen	<b>Anleggsnr.:</b> 4631.00128.01
<b>Kommune:</b> Alver	<b>Fylke:</b> Vestland
<b>Anleggsaktivitet:</b> Avfall- mottak, mellomlagring og sortering	
<b>Løyve gitt:</b> 19.05.2017	<b>Sist endra:</b> 19.09.2017

## 2. Bakgrunn for inspeksjonen

Inspeksjonen blei gjennomført for å kontrollere om gjeldande krav som er fastsett i eller med heimel i forureiningslova, blir overhaldne. Inspeksjonen er ein del av Statsforvaltaren sitt risikobaserte industritilsyn for i år, og er ei oppfølging av avvik gitt etter tilsyn i 2021. Inspeksjonen inngår i en aksjon der vi kontrollerer fleire deponi i fylket.

Tilsynet blei gjennomført med heimel i forureiningslova § 48.

### Inspeksjonstema

- Oppfølging av avvik gitt etter tilsyn i 2021

Rapporten gjeld avvik og merknader som vart avdekka under inspeksjonen. Han gir ingen fullstendig tilstandsvurdering av miljøarbeidet eller miljøstatusen til verksemda.

### Definisjonar

**Avvik:** Manglande etterleving av krav fastsette i eller med heimel i lov.

**Merknad:** Eit tilhøve som tilsynsetatane meiner det er naudsynt å peike på for å ivareta ytre miljø, men som ikkje er omfatta av definisjonen for avvik.

**Andre tilhøve:** Saker som kom fram under inspeksjonen og som det kan vere nyttig for verksemda og sakshandsamarar å kjenne til. Informasjon om verksemda og kommentarar til tema som vart tekne opp under inspeksjonen, men som ikkje vart klassifiserte som avvik eller merknader, kan også inngå her.

### 3. Oppfølging etter inspeksjonen

NGIR IKS pliktar å rette opp avvika som er omtalte i denne rapporten så snart som råd.

For at Statsforvaltaren skal kunne avslutte saka, ber vi om at de **innan 31. januar 2023** sender ei skriftleg utgreiing som viser korleis avvik er retta og kva tiltak som er gjennomførte eller planlagde.

Vi ser alvorleg på avvik 3, den delen av avviket som gjeld farleg avfall (impregnerert trevirke og pressesaft), fordi avviket er gjentakande. Gjennomføringa av tiltaka vil bli følgd opp ved ny kontroll.

### 4. Varsel om tvangsmulkt for retting av avvik

Statsforvaltaren varsla tvangsmulkt på kr 100 000,- i brev 18. mars 2022 dersom vi ikkje fekk dokumentasjon på at alle avvika frå tilsynet i 2021 var retta innan 25. august 2022. NGIR IKS gav tilbakemelding innan fristen, men tilbakemeldinga viste ikkje at alle avvika var retta, og den inneheldt heller ikkje ein forpliktande handlingsplan for retting av alle avvik. Vi vil likevel ikkje inndrive tvangsmulka nå, men varslar heller ny og større tvangsmulkt knytt til frist for retting av avvik etter tilsynet i 2022.

Statsforvaltaren varslar at vi vil gjere vedtak om tvangsmulkt, jf. forureiningslova § 73, dersom vi ikkje får tilbakemelding med dokumentasjon som viser korleis alle avvika omtalt i denne rapporten er retta og kva tiltak som er gjennomført eller planlagt innan 31. januar 2023.

Vi vil understreke at tiltak som ikkje er mogleg å gjennomføre innan 31. januar 2023, uansett er gjeldande krav som skal gjennomførast så fort som mogleg. For planlagde tiltak må dokumentasjonen minst innehalde følgjande:

- forpliktande handlingsplan med tidsfristar for tiltak for å rette alle påpeika avvik som ikkje allereie er retta
- oversikt over kva ressursar som er nødvendige for å gjennomføre ulike tiltak og at desse er sett av/gjort tilgjengelege for retting av avvika

Ei eventuell tvangsmulkt vil vere ein eingongssum på kr 150 000,-.

De vil få eit nytt brev med eventuelt vedtak. I vedtaket vil NGIR IKS få ein ny frist på 3 veker til å sende oss ei skriftleg tilbakemelding som stadfestar at avvika er retta.

Eventuelle kommentarar til varselet om tvangsmulkt kan de sende til oss innan to veker etter at de har fått dette brevet, jf. forvaltningslova § 16.

## 5. Vedtak om gebyr

Vi viser til informasjon og varsel om gebyrplikt som vart gitt til verksemda den 23.05.2022. Verksemdar skal betale gebyr for kontrollar utførte av Statsforvaltaren i samsvar med § 39-3 i forureiningsforskrifta. Gebyret skal dekke kostnader med førebuing, gjennomføring og oppfølging av kontrollen. Gebyrsatsar for kontroll av verksemdar etter forureiningslova er fastsette i forureiningsforskrifta § 39-8.

På bakgrunn av forventa ressursbruk må NGIR IKS betale eit gebyr på kr 52 500,- for inspeksjonen, jf. forureiningsforskrifta §39-8. Dette svarer til gebyrsats 5 for tilsyn over fleire dagar. Miljødirektoratet vil sende dykk ein faktura for innbetaling til statskassa. Statsforvaltaren viser elles til forureiningsforskrifta kapittel 39 om innkrevjing av gebyr til statskassa.

### **Klagerett**

Vedtaket om gebyr kan klagast på til Miljødirektoratet innan tre veker, jf. §§ 28 og 29 i forvaltningslova. Ein eventuell klage bør vere skriftleg grunngjeven og adressert til Miljødirektoratet, men han skal sendast via Statsforvaltaren i Vestland. Statsforvaltaren vil vurdere endring av vedtaket eller sende saka vidare til Miljødirektoratet for endeleg vedtak. Gebyret som er fastsett ovanfor, må likevel betalast inn. Dersom Miljødirektoratet tek klagen til følge, vil for mykje innbetalt beløp bli refundert.

## 6. Innsyn

Denne rapporten vil vere offentleg tilgjengeleg via postjournalen til Statsforvaltaren i Vestland (jf. offentleglova) og nettstaden *Norske Utslipp*, [www.norskeutslipp.no](http://www.norskeutslipp.no).

## 7. Avvik

Vi fann følgjande avvik under inspeksjonen:

### Avvik 1

#### Oppsamling og handtering av sigevatn er ikkje i samsvar med krav i løyvet

##### Avvik frå:

- Deponiløyvet punkt 1.2 om plikt til å redusere forureining så langt som mogleg
- Deponiløyvet punkt 4.1 om tiltak for å redusere sigevassmengda
- Deponiløyvet punkt 4.3 om sigevasshandtering
- Deponiløyvet punkt 8.3 om vassbalanserekneskap

##### Kommentar til regelverket:

###### Deponiløyve punkt 1.2: Plikt til å redusere forureining så langt som mogleg

All forureining frå verksemda, medrekna utslepp til luft og vatn, støy og avfallshandtering, er isolert sett uønskt. Jamvel om utsleppa vert haldne innafor fastsette utsleppsgrenser, pliktar verksemda å redusere sine utslepp så langt dette er mogleg utan urimelege kostnader. Plikta omfattar også utslepp av komponentar det ikkje er sett spesifikke grenser for.

###### Deponiløyve punkt 4.1: Tiltak for å redusere sigevassmengda

Det skal leggest til rette for at det dannar seg minst mogleg sigevatn i deponiet utover den vassmengda som trengs for å oppretthalde gassproduksjon. Alt sigevatn skal samlast opp. Verksemda skal ha kontroll med innsig og inntrenging av grunn- og overflatevatn og om naudsynt sette i verk tiltak for å redusere vassinntrenginga til deponiet. Reint overflatevatn frå omkringliggande areal eller innsig av reint grunnvatn skal ikkje tilførast sigevassnett, men leiast separat utanom deponiet.

Det skal også vere kontroll med inntrenginga av nedbør i deponiet. Deponiet sitt nedbørsfelt skal avgrensast ved midlertidig avskjering av det aktive arealet som er ope for deponering. Oppsamlinga av sigevatnet og effekt av tiltak for å redusere vassinntrenginga til deponiet skal dokumenterast gjennom overvåkingsprogrammet og vassbalanseutrekningar, jamfør punkt 8.2 og 8.3 i løyvet, og skal inngå i miljøovervåkingsprogrammet, jamfør punkt 8.4.

###### Deponiløyve punkt 4.3: Sigevasshandtering

Sigevatnet skal reinsast lokalt, i samsvar med prinsippet om beste tilgjengelege teknikk (BAT).

###### Deponiløyve punkt 8.3: Vassbalanserekneskap

På bakgrunn av resultat frå anna overvaking, skal verksemda lage eit vassbalanserekneskap for siste kalenderår. I rettleiar TA 2077/2005 vedlegg 3 er det informasjon om utarbeiding av vassbalanserekneskap.

#### Avviket er basert på følgande observasjonar:

##### Vassbalanserekneskapet er ikkje fullstendig

Norconsult har utarbeidd eit vassbalanserekneskap for 2021 i rapport med oppdragsnummer 52201556 av 25.08.2022. I rapporten manglar følgande:

- Kontinuerleg måling av mengda sigevatn. NGIR IKS har bestilt utstyr som gjer at mengda sigevatn og overløp vil bli målt kontinuerleg med tilgang til data på telefon/PC «kor som

helst». Utstyret vil vere på plass i løpet av 2022. Nedbørmålaren har hatt ein jamn drift sidan våren 2022. For å halde oversikt over vassbalansen i løpet av eit år må den vere meir detaljert enn på årsbasis. Nedbørdata frå Kjevikdalen må difor spesifiserast minimum på månadsbasis i vassbalanserekneskapet for 2022, avrenning av reinsa sigevassmengde og overløp må også vere spesifisert minimum på månadsbasis. Grunnvassdata må også inn på same måte (sjå neste punkt).

- Anslag på mengder grunnvatn som strøymer inn i deponiet og anslag på sigevatn som strøymer til grunnvatn. Det er opplyst noko om grunnvatn i vassbalanserekneskapet, men det må gå tydelegare fram kva tal som skal nyttast i vassbalansen når det gjeld grunnvatn. Det må også tydeleg gå fram kva grunnvasstanden er i Kjevikdalen.
- Fordamping er utrekna ved bruk av to ulike metodar: Thorntwaites metode og Tamms metode. I utrekningane er det ikkje teke omsyn til varierende grad av vegetasjonsdekke slik rettleiar TA 20755/2005 krev.

NGIR IKS skal årleg lage eit vassbalanserekneskap. Det er planlagt å avslutte delområde. Dette må gå fram av framtidige vassbalanserekneskap. Det må også gå fram kva dette har å seie for mengde vatn som bidrar til å danne sigevatn. For oversikten sin del må dei grøftene som er lagt rundt deponiet gå fram på eit kart som ligg ved det årlege vassbalanserekneskapet. Det må også gå fram kva for areal rundt deponiet som manglar grøfter som hindrar overvatn i å strøyme inn på deponiet. NGIR IKS har utarbeidd denne dokumentasjonen, men det er ikkje innarbeidd i vassbalanserekneskapet.

#### Verksemda har ikkje gjennomført tilstrekkeleg optimalisering av reinseeffekten på sigevassreinseanlegget

Det står framleis att ein del arbeid før optimaliseringa er ferdig. Verksemda har planlagt ein del tiltak, men det manglar ein tidfesta plan for gjennomføringa av desse tiltaka. Verksemda må vurdere om andre tiltak må gjennomførast i tillegg til det som er planlagt sett opp mot tilstanden i resipienten.

Verksemda har gjort tiltak for å minske vassbelastninga på sigevassreinseanlegget og planlegg fleire tiltak. I april 2022 var avrenninga frå steinbrotet ferdig avskore. Det utgjorde omtrent 30 % av sigevassmengda. Verksemda planlegg å avskjere langs den sør-austlege deponigrensa i løpet av november 2022. På midten av deponiet nærmar ein seg tillaten høgde. Etter at dette arealet er avslutta vil området bli avskore.

Som nemnt over fekk verksemda drift på nedbørmålaren våren 2022. I løpet av hausten 2022 vil verksemda få kontinuerlege data på sigevassavrenninga. Det er heilt grunnleggande å ha dette på plass i det vidare arbeidet med optimalisering av reinsinga av sigevatnet.

NGIR IKS har desse planane for vidare optimalisering av reinsing av sigevatnet:

- Dokumentasjon av samanheng mellom vasskvalitet ut av reinseanlegget og vassføring. Gjennomføre målingar for å finne ut kva som påverkar kvaliteten av vatnet som går i overløp. NGIR IKS sine målingar så langt indikerer at tildekking av opne flater, eller hindring av direkte avrenning kan vera eit tiltak som kan forbetra kvaliteten.

- Når ein har fått betre kontroll på samanhengane i avrenningsmekanismane, er det planar om å gjera endringar på tilsetting av oksygen for å betre reinsegraden.
- Det er gjort innleiande forsøk på kor effektivt bruk av fellingskjemikaliar er på reinsegraden. Dette arbeidet skal fortsetja.

Dei tiltaka som ikkje allereie er gjennomført må inn i ein tidfesta handlingsplan. Verksemda må lage ein oversikt over kva ressursar som er nødvendige for å gjennomføre ulike tiltak og at desse er sett av/gjort tilgjengelege. Verksemda må også vurdere andre moglege tiltak som for eksempel utjamningsbasseng og etablering av fleire sedimentasjonsbasseng for å auke kapasiteten. Statsforvaltaren minner i den samanheng om resipientrapporten frå 2018 som viser at konsentrasjonen av PAH i sediment har gått ned på alle stasjonar, men fortsett er i kategorien «dårleg» på alle stasjonar. PCB-nivået er klassifisert som «moderat», det er ingen nedgang frå 2013. Innhaldet av sink er moderat på alle stasjonar og på stasjonen nærast utsleppet er innhaldet av kopar i kategorien «dårleg». Nivåa av dei andre tungmetalla er i kategorien «god», men nivåa av tungmetall er aukande samanlikna med tala frå 2013. Lurefjorden er ein sårbar resipient og i tillegg eit marint verneområde. Resultata frå resipientovervakinga må vere eit viktig grunnlag når verksemda vurderer utsleppa og behovet for tilleggstiltak utover sedimentasjonsbasseng.

## **Avvik 2**

### **Lagring av organisk materiale på deponiet skjer ikkje i tråd med vilkåra for anlegget**

#### **Avvik frå:**

- Avfallsanleggsløyvet punkt 1.2 om avgrensing av mengder lagra
- Avfallsanleggsløyvet punkt 3.7.2 om lagring av kompost

#### **Kommentar til regelverket:**

##### Avfallsanleggsløyvet punkt 1.2 om avgrensing i mengde lagra

Ramma for lagring av ferdig kompost av avløpsslam er 7500 tonn. Planlagt bruk skal gå fram av avslutningsplanen for deponiet.

##### Avfallsanleggsløyvet punkt 3.7.2 om lagring av kompost

Komposten skal lagrast på ein slik måte at ein har oversikt over lagringstid og mengde på lager.

#### **Avviket er basert på følgande observasjonar:**

Verksemda lagrar per no 11 500 tonn kompost frå avløpsslam. Det er meir enn lagringsramma fastsett i løyvet. NGIR IKS er i dialog med andre firma for finne løysningar for overskytande mengde.

## **Avvik 3**

### **Handtering og lagring av avfall skjer ikkje i tråd med løyvet**

#### **Avvik frå:**

- Avfallsanleggsløyvet punkt 3.5 om krav til tak og vegger for nokre avfallstypar
- Avfallsanleggsløyvet punkt 4.1 om utslepp av avløpsvatn, inkludert forureina overvatn
- Avfallsanleggsløyvet punkt 12.1 om miljørisikoanalyse
- Avfallsanleggsløyvet punkt 13.1 om utsleppskontroll



### **Kommentar til regelverket:**

#### Avfallsanleggsløyvet punkt 3.5 om krav til tak og vegger for nokre avfallstypar

Behandling og handtering, inkludert lagring, som kan føre til fare for lukt, støv, forureina avrenning, samling av fugl, flygeavfall eller anna forureining skal gå føre seg innandørs (bygning med fire vegger og tak) eller lukka konteinrar. Verksemda kan velje anna vern eller utføre tiltak for å hindre fare for nemnde forureiningar viss miljørisikovurderinga viser at dette gjev like låg risiko og elles er innanfor krav i løyvet.

Følgjande avfallstypar/-aktivitetar skal som eit minimum lagrast/gå føre seg under tak og skjerma for ver og vind:

- Farleg avfall
- Omlasting, behandling og lagring av treflis
- Mottak og lagring før kompostering av organisk avfall
- Miljøsanering av kasserte køyretøy
- Miljøsanering av kasserte fritidsbåtar

#### Avfallsanleggsløyvet punkt 4.1 om utslepp av avløpsvatn, inkludert forureina overvatn

Alt vatn som har vore i kontakt med avfall og eventuelt spyle- og vaskevatn, og overvatn frå trafikkområde og utandørs lagringsområde, skal reknast som forureina avløpsvatn. Alt forureina avløpsvatn skal samlast opp og førast direkte til sigevassleidninga med utslepp til sjø. Før det blir ført inn på sigevassleidninga skal forureina avløpsvatn passere ein kontrollkum med moglegheit for mengdemåling og uttak av prøver.

#### Avfallsanleggsløyvet punkt 13.1 om utsleppskontroll

Verksemda skal ha oversikt alle utslepp frå anlegget og skal gjennomføre vurderingar, og målingar der det er naudsynt, av utslepp til luft, vatn og støy til omgjevnadane.

### **Avviket er basert på følgande observasjonar:**

#### Farleg avfall blir lagra utandørs

Impregnert trevirke blir lagra utandørs. Dette er eit avvik som blei påpeika i tilsyn i 2020. I tilbakemeldinga av 20.12.2021 skreiv verksemda at avviket ville vere retta innan veke 28 i 2022. Statsforvaltaren avslutta oppfølginga av avviket under føresetnad av at dette blei utført. Statsforvaltaren ser alvorleg på at dette framleis ikkje er gjennomført.

#### Pressesaft som er farleg avfall renn til avløpet

Pressesaft vert ført til avløpet og vidare inn i deponiet. Pressesaft vert rekna som farleg avfall og skal samlast opp og deklarerast som farleg avfall. Det blei gitt avvik på dette ved tilsyn frå Statsforvaltaren i 2015. I brev av 01.09.2015 skreiv NGIR IKS at det ville bli installert eit lukka kar for oppsamling av pressesaft. Statsforvaltaren ser alvorleg på at dette framleis ikkje er gjennomført.

#### Avrenning frå lagra avfall er ikkje analysert for relevante parametar

Avrenninga frå området der impregnert trevirke, trevirke, hageavfall, metallavfall, EE-avfall og kasserte køyretøy er lagra blir ført til oljeutskillar. Her blir avrenning prøvetatt og analysert for olje. Avfallet kan gje avrenning av andre parametarar. Verksemda må ta omsyn til dette når utsleppet frå dette området blir overvaka.

#### Avrenning blir ført inn i deponiet ikkje på sigevassrøyret

Avrenninga frå området der avfallet nemnd over blir lagra, blir ført inn i deponiet og ikkje inn på sigevassrøyret. Dersom verksemda meiner at vilkåret i løyve ikkje kan oppfyllest kan NGIR IKS søke om endring av løyvet.

#### **Avvik 4**

#### **Internkontrollen for ytre miljø er mangelfull**

##### **Avvik frå:**

- Internkontrollforskrifta §5 andre ledd punkt 1 om oversikt over regelverk
- Internkontrollforskrifta §5 andre ledd punkt 6 om kartlegging av risiko og handlingsplanar
- Internkontrollforskrifta § 5 andre ledd punkt 8 om overvaking og gjennomgang
- Avfallsanleggsløyvet punkt 12.1 om miljørisikoanalyse

#### **Kommentarar til regelverket**

##### Oversikt over regelverk - §5 andre ledd punkt 1

Verksemda skal ha oversikt over dei krav som gjeld.

##### Kartlegging av risiko og handlingsplanar – § 5 andre ledd punkt 6

Verksemda skal kartlegge farar og problem og på bakgrunn av dette vurdere risiko og utarbeide planar og tiltak for å redusere risikoforholda.

##### Overvaking og gjennomgang – § 5 andre ledd punkt 8

Verksemda skal foreta systematisk overvaking og gjennomgang av internkontrollen for å sikre at den fungerer som føresett. Overvaking og gjennomgang skal dokumenterast skriftleg.

##### Avfallsanleggsløyvet punkt 12.1 om miljørisikoanalyse

Verksemda skal gjennomføre ein miljørisikoanalyse av verksemda si. Verksemda skal vurdere resultatane med tanke på akseptabel miljørisiko. Potensielle kjelder til forureining av vatn, grunn og luft skal kartleggjast.

På anlegget er det særskilte krav til innhald i risikovurderinga:

All behandling og handtering, inkludert lagring, av avfall skal vere basert på risikovurdering.

#### **Observasjonar**

##### Lagring av avfall er ikkje risikovurdert

Det er ikkje gjort risikovurdering av lagring av desse avfallsfraksjonane:

- Impregnert trevirke
- Trevirke
- Hageavfall
- Metallavfall
- EE-avfall

##### Risikovurdering av bilsaneringa er utdatert

I risikovurderinga for bilsaneringa står det at det vil bli etablert tak over bilsaneringa i første halvår av 2022. På tilsynsdagen var tak framleis ikkje på plass og verksemda hadde ikkje avgjort om taket skulle byggast eller ikkje. Risikovurderinga er difor ikkje oppdatert og inneheldt ikkje vurdering av

eventuelle andre tiltak verksemda vil gjere no når tak ikkje er på plass. Verksemda må arbeide meir med metoden som blir brukt for utføring av risikovurdering. Det er til dømes ikkje alltid samsvar mellom risikotal og tiltaksdelen av skjemaet. Døme på dette er risikovurderinga som er gjort av «søl frå pressing av bilvrak» og «pressing av bilvrak».

#### Overvaking av internkontroll

Verksemda mangla systematisk overvaking og gjennomgang av internkontrollen for å sikre at den fungerer som føreset. Dette er basert på følgjande observasjonar:

- Avvik påpeika i tilsynsrapportar frå 2015 og 2020 og som er meldt til Statsforvaltaren som retta er framleis ikkje retta.
- Som avvik 3 viser er ikkje NGIR IKS klar over alle krav som er fastsett i løyvet for avfallsanlegget.
- Tilsynet i 2021 og 2022 knytt til deponiet viser at verksemda ikkje er merksame på alle kva krav som gjeld for drifta av deponiet.

## 8. Merknader

Vi gav ingen merknader under inspeksjonen.

## 9. Andre tilhøve

### **Oppfølging av avvik frå førre tilsyn (rapport 2021.360.I.SFVL)**

Avvik 1: Oppsamling og handtering av sigevatn er ikkje i samsvar med krav i løyvet  
Dette avviket er framleis ikkje lukka og er vidareført i denne rapporten (sjå avvik 1 over).

Avvik 2: Lagring av organisk materiale på deponiet skjer ikkje i tråd med vilkåra for anlegget  
Sidan sist tilsyn har verksemda fjerna greiner og røter som var lagra på deponiet. Verksemda har også gjort tiltak for å skilje deponert avfall og ferdig kompost ved å bruke reine massar (finsand 0-6 mm). NGIR IKS meiner at komposten som er lagre på deponiet har så låg avrenning at gevinsten med å ha komposten på fast dekke er liten. Statsforvaltaren tar dette til orientering. Resten av det som vart påpeika i avvik 2 i rapport 2021.360.I.SFVL er framleis ikkje lukka og går fram av avvik 2 over.

Avvik 3: Verksemda har ikkje oversikt over deponiutviklinga.  
Tilbakemelding frå verksemda: NGIR IKS har fått utført 3D-scanningar som no blir nytta i planlegging og drift. Verksemda vil gjere 3D-scanningar årleg framover. Statsforvaltaren tek tilbakemeldinga til etterretning og krev ikkje meir tilbakemelding på dette.

Avvik 4: NGIR kan ikkje dokumentere oppfølging av hotspots med deponigass i overflata av deponiet.  
Tilbakemelding frå verksemda: Verksemda fekk utført nye målingar i mars 2022. Målingane viser at det ikkje siver ut vesentlege mengder gass frå deponiet og at utsleppa er redusert frå 2017 til 2022. Konklusjonen er at det ikkje naudsynt med tiltak og ny måling skal utførast i 2027. Statsforvaltaren tek tilbakemeldinga til etterretning og krev ikkje meir tilbakemelding på dette.

#### Avvik 5: Overvakinga av deponiet har manglar.

Tilbakemelding frå verksemda: Verksemda har fått bora to nye brønner; ein ny oppstraums og ein ny nedstraums. Desse er plassert etter tilråding frå Norconsult. Bakgrunnen for at det er etablert ein oppstraums brønn er at den gamle brønna såg ut til å vere påverka av salt frå kostemassar. Verksemda har laga ein ny oversikt over prøvepunkt. PFAS/PFOS-sambindingar og HBCDD blir ein del av det årlege overvakingsprogrammet.

Statsforvaltaren tek tilbakemeldinga til etterretning. Vi krev ikkje meir tilbakemelding på dette.

#### Klassifisering av farleg avfall

Klassifisering av farleg avfall skal gjerast ut frå totalinnhald, og ikkje ut frå riste- og kolonnetestar.

#### Avslutningsplan

NGIR IKS har utarbeida ein avslutningsplan som verksemda har tenkt å bruke som eit driftsdokument som blir oppdatert årleg etter at 3D-modellering er gjennomført.

I løyvet til avfallsanlegget er eit av vilkåra at verksemda kan lagre kompost til bruk i samsvar med avslutningsplanen for deponiet. NGIR IKS har lagra kompost som er tenkt brukt i avslutninga av deponiet. Verksemda må innarbeide dette i avslutningsplanen.

NGIR IKS har planar om å avslutte delområde av deponiet tidlegare enn resten av deponiet. Utforming av toppdekke må avklarast med Statsforvaltaren for å unngå underkjenning i etterkant. Det er Statsforvaltaren som avgjer om deponiet er forsvarleg avslutta med toppdekke gjennom avslutningstilsynet når deponiet er heilt ferdig fullt opp.

## 10. Dokumentunderlag

Lovgrunnlaget for inspeksjonen var:

- Lov om vern mot forurensningar og om avfall (forureiningslova)
- Lov om kontroll med produkter og forbrukertjenester (produktkontrollova) §§ 3 og 3a
- Forskrift om begrensning av forurensning (forurensningsforskrifta)
- Forskrift om gjenvinning og behandling av avfall (avfallsforskrifta)
- Forskrift om systematisk helse-, miljø- og sikkerhetsarbeid i virksomheter (internkontrollforskrifta)
- Løyve til verksemd etter forureiningslova frå Statsforvaltaren
- Pålegg/vedtak i korrespondanse mellom verksemda og Statsforvaltaren